



## Referat frå møte i Samarbeidsutvalet/skulemiljøutvalet 01.02.22

Til stades: Beate Bondevik Lie (politisk vald), Øyvind Oksnes (FAU), Anne Therese Moen (FAU), Ingvild Midtun Kjos (FAU), Sonja Rutledal (lærartilsett), Katrin L. Nes (lærartilsett), Mette Alme (andre tilsette) og Hilde Holte Selland (rektor).

Forfall: Ole Sebastian Nesvoll Orrestad (elevrådsrepr.) og Jonas Fredheim Aardal (elevrådsrepr.)

### Sak 9 - 2021/22: Referat frå førre møte

Ingen merknad

### Sak 10 - 2021/22: Nasjonale prøver hausten 2021

Oversikt på resultat:

Trinn		Engelsk	Lesing	Rekning
5. trinn	Luster	49	52	55
	HBUS	48	53	55
	Landssnitt	51	50	50
8. trinn	Luster	53	53	52
	HBUS	53	53	54
	Landssnitt	50	50	50
9. trinn	Luster	X	56	57
	HBUS	X	55	58
	Landssnitt	x	53	53

Resultat Luster: Gjennomgåande gode resultat og over landssnittet. Trenden med høg skår i lesing på alle trinn held fram, i rekning er det (som vanleg) veldig bra. Alt dette er gledeleg! Unnataket resultatmessig er engelsk 5. trinn der kommunen skårar under landssnittet. Trenden nasjonalt er at elevane skårar betre i engelsk, og landsgjennomsnittet har difor gått opp frå 50 til 51 skalapoeng. Kva oppgåvetypar og delferdigheiter er det våre elevar finn mest utfordrande i engelsk?

Hafslo barne- og ungdomsskule er veldig fornøgd med dei gode resultat, spesielt i lesing. Der har det vore ein god framgong. Skulen skal halde fram med det gode arbeidet og planane me har. Når det gjeld resultat i engelsk på 5. trinn er det opplæringa i småskulen ein må sjå nærare på. Tiltak til forbetring er innføring av nytt læreverk, pedagogen skal ha studiekompetanse i engelsk, jobbe meir med engelsk litteratur, arrangere engelsk fagdag, stasjonsarbeid med ulike læringsressursar og liknande.


**Sak 11 – 2021/22: Elevundersøking 2021**

Oversikt på resultat:

ELEVUNDERSØKELSEN 2016 - 2021

	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Trivsel	4,2	4,3	4,4	4,2	4,0	4,1
Støtte frå lærar	4,1	4,4	4,4	4,2	4,2	4,2
Støtte heimafrå	4,2	4,3	4,5	4,1	4,1	4,0
Vurdering FOR læring	3,5	3,7	3,7	3,6	3,4	3,5
Læringskultur	3,8	4,2	4,3	3,9	3,7	3,9
Meistring	4,0	4,1	4	3,9	3,8	3,9
Motivasjon	3,5	3,8	3,9	3,4	3,2	3,3
Elevdemokrati og medverknad	3,4	3,6	3,6	3,5	3,3	3,5
Felles reglar	4,1	4,1	4,4	4,2	4,1	4,2
Mobba av andre elevar på skulen	4,5	4,8	4,8	4,7	4,9	4,8
Utdanning og yrkesrettleiing(u-trinn)	3,3	3,8	3,6	3,4	3,8	3,5
Praktisk opplæring	2,6	3,7	3,6	3,3	3,4	3,5
Variert opplæring	3,1	4,3	4,1	3,9	3,8	3,9
Relevant opplæring	3,3	4,0	3,8	3,6	3,2	3,4
Innsats	4,0	4,3	4,3	4,1	3,9	4,1
Fagleg utfordring			4,6	4,3	4,2	4,1

Kommentar: Skulen er fornøgd med framgangen når det gjeld trivsel, meistring, motivasjon, læringskultur, elevmedverknad, innsats og praktisk/variert/relevant opplæring. Støtte heimafrå, mobbing av andre elevar, fagleg utfordring og utdanning-/yrkesrettleiing har hatt tilbakegang. Vegene vidare: Klassane (7. – 10. kl.) har jobba med resultatane på klassenivå der elevane har drøfta, reflektert i lag og kome med innspel til tiltak. Pedagogane brukar felles møtetid til å jobbe med elevmedverknad og selvregulert læring. Me nyttar fagkompetanse frå HVL og pedagogisk litteratur. Når det gjeld mobbing er det kontinuerleg arbeid på alle nivå for å førebygge og jobbe med tiltak for å stoppe og hindre mobbing. Her må alle (elevar, tilsette og foreldre) vere med å bidra. Den største utfordringa er digital mobbing.

**Sak 12 – 2021/22: Rekneskap og budsjett**
**Rekneskap 2021**

Skule: overforbruk på kr. 600 000,- når det gjeld løn og andre utgifter. Store lønsutgifter på sjukefråvær og pedagogisk tilrettelegging, transport/skyss til symjing, It-utstyr som pc'ar, headsett, lypærer til smartboard/prosjektor, ledningar/overgangar, leasing av kopimaskinar og digitale tavler, kjøp av tolketenester. Når det gjeld inntekter (refusjonar frå Staten, HVL, vidareutdanning, NAV) har det kome kr. 2,1 mill. meir enn budsjettet.

Sfo: overforbruk på kr. 300 000,- når det gjeld løn. Store lønsutgifter på sjukefråvær og pedagogisk tilrettelegging. Når det gjeld inntekter (foreldrebetaling, kostpengar, NAV) har det kome inn mindre enn budsjettet.

Samfunnsbygg: God balanse oppmot budsjett, kr. 5163,- i pluss.

**Budsjett 2021**

Skule: Auka ramme på kr. 1,1 mill., 1 mill. på løn og kr. 100 000,- på andre utgifter.

Sfo: Auka ramme på kr. 140 000,-

Samfunnsbygg: Same ramme som 2021

Kommentar: FAU ynskjer å drøfte budsjettet, når det gjeld utgiftene til transport/skyss oppmot transport til Lustrabadet, med dei andre FAU-utvala i Solvorn, Indre Hafslo og Luster oppvekstsenter. Rektor sender melding til dei tre skulane for å få namna på deira FAU leiar, så kan HBUS sin FAU leiar opprette kontakt med dei for å drøfte den utgiftsposten.

**Sak 13 - 2021/22: Undersøking trygg skuleveg**

FAU leiar informerte SU om prosessen FAU har jobba med når det gjeld skuleveg og trafikktryggleik. FAU har hatt ei arbeidsgruppe og dei har formulert eit skriv. Dei vil jobbe vidare med saken og drøfte med FAU i barnehagane. Skrivet blir sendt på høring før ein sender det til dei rette instansar.

**Sak 14 – 2021/22: Statusrapport frå elevråd, skule og FAU**

Elevråd: God struktur, takka vere Ivar. Han gjer ein kjempejobb, har god kontakt med elevane og dei er flinke til å arbeide med elevsaker som aukar trivsel i skulekvardagen.

Skulen: Har jobba intenst og samarbeida godt i team. Vore krevande med pandemien der ein har måtte organisere og planlegge skuledagen etter trafikkllymodellen. Men tross alt har me vore heldige på Hafslo, med lite smitte der me har kunne hatt fysisk skule. Skulen har klart å jobbe med utviklingsarbeid både når det gjeld å vere praksisskule og lærarutdanningskule der møter har vore ei blanding av digitale og fysiske. Studentpraksis har me gjennomført som vanleg.

FAU: Skuleveg og trafikktrygging er prioritert som sak og ein jobbar med å ferdigstille brev. Ei arbeidsgruppe skal jobbe med å utforme eit årshjul for FAU

**Sak 15 – 2021/22: Orienteringssaker**

- Naust og området rundt: Nausten er ferdigstilt og det er lagt inn straum. Området rundt som brygge, rampe, strand og asfaltering blir ferdigstilt i løpet av våren.
- Nye Hafslo barnehage: Status er at det blir barnehage i areala halv kjellar og heile 1. etasjen. 2. etasje skal ikkje bli brukt til leilegheiter men til næringsutvikling. Kjellararealet nordover til kulturskule og ungdomsbase. Skulen har meldt inn om ein kan ha fellesareal med barnehagen som personalgarderobe med dusj, fellesareal til sansemotorisk trening og til praktisk undervisning som arbeidslivsfag. Prosjektgruppa jobbar vidare med fasaden, trafikkavvikling, parkering og uteområda. Planen er å leggje prosjektet ut på anbod i mai/juni 2022.
- Koronainfo: No er skulen på grønt nivå. Har til no vore lavt smittetrykk hjå oss, men me opplever no ei auke blant elevar og tilsette. Skulen har forhalde seg til kommuneoverlegen og oppvekstsjefen sine meldingar der infomeldingar har blitt sendt ut til heimane når det gjeld tilbod om vaksiner og testing. Ved smitte følg me FHI plakaten når det gjeld isolasjon og karantene for elevar og tilsette. Viss mange tilsette blir smitta så kan me få eit bemanningsproblem. I utgangspunktet har skulen god grunnbemanning og me er heldige å ha god tilgang på vikarar. Det kan òg bli organisert omplassering av vaksne og slå saman elevgrupper.
- Studenter: Grunnskulepraksisen blir veke 10, 11 og 12. I januar har to PPU studentar-yrkesfag hatt ti dagers praksis hjå oss og 31. jan. kom to danske lærarstudentar. Dei skal ha praksis fram til og med veke 11. I tillegg har me to elevar frå vidaregåande opplæring i praksis ein dag for veka. Dei skal vere her fram til mai mnd.
- Andre tilsette: Marife har permisjon frå jobben som reinhaldar og Tove Iren Fredheim er vikar. Me har òg to nye reinhaldarar som er framandspråklege. Mette Alme er mentor for dei og ho legg ned ein kjempeinnsats i opplæring og inkludering. På oppvekstbiblioteket har det skjedd eit skifte. Torill har blitt pensjonist og Maja har teke over ansvaret.

**Sak 16 – 2021/22: Ymse**

Ingen saker meldt inn.

Ref. Hilde Holte Selland, 04.02.22